


Arbeids- og Inkluderingsdepartementet
Postboks 8019 Dep
0030 OSLO



(Referanse må oppgis)
Vår referanse: 08/01097-2
Arkivkode: 570
Saksbehandler: Kenneth Erdal
Deres referanse:
Dato: 28.4.2008

Høringsnotat - ny alderspensjon i folketrygda

Det visast til at Arbeids- og inkluderingsdepartementet 28. januar 2008 sendte forslag til oppfølging av Stortingets vedtak på høyring med høringsfrist 28. april 2008.

For å halde fristen som er sett, oversender KS denne høyringa, som er identisk med framlegget til KS' Hovudstyre. Etter som Hovudstyre først har møte og kan behandle saka den 14. mai 2008, tek vi atterhald om at eventuelle endringar/tillegg kan verte ettersende.

Framlegget til vedtak har slik ordlyd:

Berekraftig pensjonssystem - stimulere til arbeid - arbeidslina

KS meiner at forslaga i høringsnotatet på ein god måte styrkjar berekrafta i folketrygdas pensjonssystem og opnar for større valfridom for den enkeltes pensjoneringstidspunkt og kombinasjon av arbeid og pensjon.

KS meiner at forslaga opprettheld forsvarlege pensjonsnivå og noverande fordelingsprofil, samstundes som enkelte urimelegheiter vert retta opp.

KS meiner at det er viktig for bærekrafta i det samla velferdssystemet at forslaga i større grad enn i dag ivaretek samfunnets behov for arbeidskraft. KS støttar derfor forslaga i notatet som vil gje eit meir arbeidsretta pensjonssystem. Kommunesektoren vil i åra framover ha eit stort behov for arbeidskraft, mellom anna innan pleie- og omsorgssektoren.

KS meiner at eit berekraftig pensjonssystem må støtte kommunesektorens behov for resurstilførsel gjennom at det opnar for:

- Eit opplegg for statsbudsjettet som balanserar løyvingane til pensjon og offentlege velferdstenester, og ser pensjon og velferdstenester i ein velferdspolitisk heilskap.
- Eit pensjonssystem som bidreg til auka verdiskaping og meir til fordeling
- Auka tilgang på arbeidskraft som bidreg til å ivareta kommunesektorens behov for arbeidskraft på både kort og lang sikt.

KS meiner at det er særskilt viktig at ny folketrygd ikkje settast i kraft før vi har fått endringar i offentlege tenestepensjonsordningar. Når pensjonsreforma trer i kraft, er det viktig at alle element ved offentleg tenestepensjon er klare, slik at alt kan sjåast i samanheng.

Vedrørende avtalefesta pensjon er utredningsarbeidet i gong. Dette utredningsarbeidet må sjåast i samanheng med tenestepensjonsordninga i kommunesektoren.

Garantipensjon

KS støttar forslaget om at det bør vere ei grunnsikring også i eit framtidig pensjonssystem.

Oppteningstid

KS støttar at det generelt skal innførast eit livsløpsprinsipp for opptening av pensjonsrettar. Livsløpsopptening vil bidra til å styrkje arbeidslina.

Pensjonsopptening for omsorgsarbeid og avtening av førstegongsteneste

KS støttar forslaget om dette prinsippet.

Levealdersjustering/indeksering

KS sluttar seg til prinsippa med levealdersjustering og indeksering for folketrygda. KS forutset at same reglar også vil gjelde for tenestepensjonsordninga.

Komplisert system


Eit av hovudformåla med pensjonsreforma, var at det skulle bli ein klarare samanheng mellom kva den einskilde betalar inn, og kva ein får ut. Systemet skulle verte enklare å forstå. Høyringsnotatets opplegg gjev eit meir komplisert regelverket samanlikna med opplegget i NOU 2004:1 og Stortingsmelding nr. 5. KS meiner at ei ytterlegare komplisering av pensjonssystemet er uheldig.

Andre/avsluttande merknadar


Vi viser elles til KS' høyringsfråsegn vedrørende *NOU 2004:1 - Pensjonskomisjonens innstilling – Modernisert folketrygd – bærekraftig pensjon for framtida*.

KS støttar i denne høyringa garantipensjon, klarare samanheng mellom innbetaling og rett til pensjon, livsløpsopptening, fleksible pensjonsordningar m.m.

Elles er det mykje som ikkje er avklart, bl.a. AFP, uførepensjon og tenestepensjonsordningane.



Olav Ulleren
Adm. dir.



Per Kristian Sundnes
Forhandlingsleiar